



Informasjon om Fylkesmannen sitt tilsyn – skulebasert vurdering.

I veke 45, 2020, vil Fylkesmannen gjennomføre tilsyn ved Fløgstad skule og Sauda ungdomsskule i Sauda kommune. Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering.

Fylkesmannen er ein statleg organisasjon. Vi har som ei av våre oppgåver å kontrollere at kommunar og fylkeskommunar følgjer loven.

Kva skal Fylkesmannen kontrollere i felles nasjonalt tilsyn?

I felles nasjonalt tilsyn fører vi tilsyn med det same temaet på skular i heile landet. I dette tilsynet vil vi kontrollere at skulen oppfyller krava i § 2-1 i forskrifta til opplæringslova. I denne paragrafen står krav som skal sikre at skulane driv skulebasert vurdering.

Skulebasert vurdering betyr at skulane skal bruke det dei veit om læringsmiljø og læringsresultat til å vurdere korleis opplæringa for elevar kan bli betre. Det er ei lovpålagt føring for å sikre systematisk arbeid med kvaliteten på opplæringa.

Arbeid med kvalitetsutvikling i skulen er viktig for å sikre barn sine grunnleggande menneskerettar og for å nå måla med opplæringa. Derfor har sentrale myndigheiter prioritert å følge opp at skulane følger lova på desse områda.

Korleis gjennomfører Fylkesmannen tilsynet?

Når vi gjennomfører tilsyn, har vi ofte samtalar med elevar og foreldre ved skulen. I tillegg har vi intervju med lærarar, andre tilsette, rektor og skuleeigar. Målet er å synleggjere rutinar, ordningar og praksis på skulane. Vi har også på førehand bedt kommunen og skulen om å sende oss ulike dokument som vi brukar når vi skal kontrollere og vurdere skulen. Dette kan for eksempel vere dei planane som kommunen eller skolen har laga for å gjennomføre skulebasert vurdering.

I veke 45 vil vi møte nokre elevar, foreldre, lærarar, andre tilsette og rektor på dei to skulane for å innhente informasjon. Vi vurderer informasjon vi får i samtalene saman med dokumentasjon vi har. Deretter skriv vi ein rapport der vi konkluderer. Dersom ikkje skulen følger alle reglane i loven, må Sauda kommune sørge for at skolen rettar opp forholdet. De kan lese endeleg rapport på [Fylkesmannen si heimeside](#).

Med venleg helsing

Fylkesmannen i Rogaland

v. Hallgeir Bø, Ragnhild Otto, Thomas Wegner Thomassen og Randi Bjørkås